



FORSVARSBYGG REGION VEST  
Postboks 12 /K-28 Haakonsværn  
5886 Bergen

Bergen, 04.04.2019

Dykkar ref.: Ronny Mongstad

Vår ref.(oppgi ved svar):2019/4373  
Sakshandsamar: Silje Tingstad

## Rapport frå inspeksjon ved Forsvarsbygg Region Vest sin tørrdokk på Haakonsværn

Kontrollnummer: 2019.068.I.FMVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå Forsvarsbygg:*

Ronny Mongstad, Arve Aspaas, Nils Johan Lie, Mette Fauskanger

*Frå FLO Vedlikehold:*

Jan H. Hagenes, Jan Erik Egesund, Rune Storøy, Martin Hagen

*Frå Sjøforsvaret:*

Terje Kogstad

*Frå Fylkesmannen i Vestland:*

Silje Tingstad og Sissel Storebø

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Forsvarsbygg Region Vest sin tørrdokk på Haakonsværn 8. mars 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekkar 1 avvik under inspeksjonen:

- Verksemda stettar ikkje alle krava i løyvet

Avviket er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Silje Tingstad  
overingeniør

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Kopi til: Bergen kommune

# 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

## Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> FORSVARSBYGG REGION VEST	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 993184101	<b>Eigd av:</b> 975950662
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.220 - Forsvar	

## Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Haakonsvern - tørrdokk	<b>Anleggsnr.:</b> 1201.0382.01
<b>Kommune:</b> Bergen	<b>Fylke:</b> Hordaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Mekanisk overflatebehandling og verft	
<b>Løyve gitt:</b> 20.12.2006	<b>Sist endra:</b> -

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til vatn
- Farleg avfall
- Kjemikaliar
- Vilkår i løyvet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Forsvarsbygg Region Vest pliktar å rette opp avviket som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Forsvarsbygg Region Vest innan 1. juli 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta, kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Silje Tingstad.

### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart sendt på e-post til verksemda 8. februar 2019. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventta ressursbruk må Forsvarsbygg Region Vest betale eit gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

### **6. Avvik**

#### **Avvik 1**

Verksemda stettar ikkje alle krava i løyvet

#### **Avvik frå:**

Utsleppsløyve datert 20. desember 2006, jf. avfallsforskrifta § 11-8 og internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

## **Kommentarar til regelverket:**

### Punkt 2.1 Utsleppsbegrensningar

Det er ikkje tillate med direkte utslepp av avløpsvatn eller forureina vaske- eller spylevatn (oljehaldig avløpsvatn) til sjø.

### Punkt 2.7 Reinsekrav

Reinseeffekten på suspendert stoff skal vere minst 99 %. Ved eit innhald av suspendert stoff i avløpsvatnet < 50 mg SS/l skal innhaldet i reinsa vatn ikkje overstige 0,5 mg/l.

### Punkt 5.3 Farleg avfall og avfallsforskrifta § 11-8

Alt produsert slam, groe og anna oppsamla materiale frå reinseanlegget og sandfanga skal handterast som farleg avfall og leverast til godkjent mottak, så sant ikkje analysar kan dokumentere noko anna.

Farleg avfall som vert lagra i påvente av levering/henting skal sikrast slik at lageret ikkje fører til avrenning til grunnen, overflate vatn eller avløpsnett. Avfallet skal vere tydeleg merka.

Farleg avfall skal leverast ein gong i året, når total mengde overstig 1 kg, jf. avfallsforskrifta § 11-8

### Punkt 6.2 Internkontroll, jf. internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Verksemda plikter å ha internkontroll. Det betyr blant anna at verksemda må ha rutinar for drift og vedlikehald av reinseanlegget mv.

### Punkt 6.5 Målingar og måleprogram

Verksemda må dokumentere at spylevatnet/avløpsvatnet ikkje inneheld miljøskadelege stoff. Det skal gjennomførast mengdeproporsjonal prøvetaking av reinsa avløpsvatn. Det skal takast prøver på ein slik måte at analysane fangar opp variasjonane i utsleppsmengdene.

## **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

### Punkt 2.1 Utsleppsbegrensningar

Ved tilsynet var det fregatt i dokk, med vatn i dokken. Det vart observert feitt og boss i dokken. Det vart opplyst at dette var utslepp frå oppvaskmaskin på fregatten. Det gjekk fram at dette ikkje vart ført til den tette tanken, slik sanitært avløpsvatn vart.

### Punkt 2.7 Reinsekrav

Analyserapport som var lagt ved eigenkontrollrapporten for 2018 innehaldt ikkje analyse av suspendert stoff. Verksemda opplyste at det ikkje var analysert fleire prøver enn den som det var sendt inn dokumentasjon for i eigenkontrollrapporten.

### Punkt 5.3 Farleg avfall, jf. avfallsforskrifta § 11-8

Det var nyleg sett opp miljøstasjon ved tørrdokken. Dette var container med oppsamlingsarrangement for mindre mengde søl. Frå miljøstasjonen vart farleg avfall levert til felles miljøstasjon for heile Haakonssvern, før vidarelevering til godkjent mottakar. Farleg avfall i miljøstasjonen ved tørrdokken var ikkje merka med innhald. Ei

open bøtte med flytande innhald hadde ukjend innhald. Det var lekkasje frå svarte avfallssekkar, som det vart opplyst at inneholdt oljehaldige filler.

Det vart opplyst ved tilsynet at verksemda aldri har tømt tanken med slam frå reinseanlegget.

#### Punkt 6.2 Internkontroll, jf. internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Verksemda hadde ikkje ei rutine for vedlikehald av reinseanlegget. Det vart opplyst ved tilsynet at tankane i reinseanlegget aldri hadde vore reingjort.

Måleprogrammet datert 10. desember 2008 var ikkje revidert slik at det var i samsvar med dagens praksis i tørrdokken.

#### Punkt 6.5 Målingar og måleprogram

Det vart opplyst ved tilsynet at det ikkje vart målt vassmengd gjennom reinseanlegget. Verksemda gjennomfører derfor ikkje mengdeproporsjonal prøvetaking i samsvar med løyvet eller måleprogrammet datert 10. desember 2008.

## **7. Andre tilhøve**

### **Eigenkontrollrapport for 2018**

Fylkesmannen har fått eigenkontrollrapporten frå verksemda for 2018. Oppfølging av denne vil skje som eiga sak.

### **Planlagt revisjon av løyve**

Verksemda sitt løyve er frå 2006. Fylkesmannen vil truleg revidere løyvet i løpet av 2020. Vi vil varsle verksemda før vi starta prosessen.

### **Mekanisk overflatebehandling**

Verksemda driv også vedlikehald av fartøy i slipp. Den var ikkje tema ved tilsynet. Vi minner om forureiningsforskrifta kapittel 29 om mekanisk overflatebehandling av metallkonstruksjonar, som omhandlar miljøkrav ved verftsverksemd.

## **8. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova med underliggjande forskrifter
- produktkontrollova §§ 3 og 3a
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11
- internkontrollforskrifta
- løyve datert 20. desember 2006